



Vekstselskapa i Flora, Bremanger og Vågsøy
Verdiskapingskartlegging Flora- Bremanger- Vågsøy

Utgave: A
Dato: 2008-04-02

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver: Måløy Vekst AS
Rapportnavn: Verdiskapingskartlegging Florø- Bremanger- Måløy
Utgave/dato: 2008-02-04
Arkivreferanse: <generert unik arkivreferanse>

Oppdrag: 517203 – Verdiskapningskartlegging Florø - Måløy
Oppdragsbeskrivelse: Næringsanalyse
Oppdragsleder: Barvik Kristin
Fag: Analyse;GIS/IKT
Tema: GIS / geografiske analyser;Næring, industri;Næring, annet;Regional utvikling
Leveranse: Analyse;Kart og presentasjon

Skrevet av: Skrevet av Kristin Barvik
Kvalitetskontroll: Lise Haaland Eriksen

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av utviklingsselskapa Måløy Vekst AS, Bremanger Vekst og Hamn KF, Svelgen Utvikling og Sunnfjord 2020 AS for å gjennomføre ei verdiskapingskartlegging for kystregionen i Sogn og Fjordane som består av kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy. Kartlegginga vil vera ein del av eit større arbeid for å synleggjere tydinga av ein samanhengande bu-, arbeids- og servicemarknad i desse tre kommunane.

Kristin Barvik har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Stavanger, 2. april 2008

Kristin Barvik
Oppdragsleiar

Lise Eriksen
Kvalitetssikrar

INNHALD

Forord	III
1 Innleiing.....	5
2 Samandrag.....	6
3 Bakteppet.....	9
4 Dagens situasjon.....	9
4.1 Sysselsetting og næringsstruktur.....	9
4.2 Konkurranseskraft og verdiskapingsevne.....	12
4.3 Befolkningsstruktur og livskraft.....	16
4.4 Sentrale utfordringar knytt til næringsstruktur og befolkningsstruktur.....	19
5 Framtidsmoglegheiter.....	19
6 effektar av redusert reisetid i regionen.....	22
6.1 Visjonen om 45-minuttsregionen	22
6.2 Andre effektar av reduserte reisetider	24

1 INNLEIING

Utviklingselskapa i Flora, Bremanger og Vågsøy vil setje søkelyset på potensialet som ligg i utvikling av ein framtidig samanhengande "kystby" i Sogn og Fjordane, langs aksene Florø – Svelgen - Måløy. Som eit ledd i dette arbeidet er det utarbeida ei verdiskapingskartlegging for regionen.

Som ein del av arbeidet er det etablert eit kartfesta bedriftsregister for regionen, basert på ulike kartfesta statistikk frå SSB (koordinatfesta bedrifter, busetting på grunnkrets nivå, pendlingsdata på kommunenivå).

Vekstkraftige regionar er prega av konkurransekraft i næringslivet, livskraft i befolkninga og robustheit i regionane¹. Konkurransekrafta i næringslivet knyter seg til om bedriftene er verdiskapande og gjev eit positivt bidrag til regionalproduktet i området. Men konkurransekraft omfattar også bedriftene som system, som delar av regionale klynger eller innovasjonssystem. Ein region er livskraftig når den evnar å oppretthalde fødselsratene, og har gevinst i flytteprosessane. I dette ligg at regionen har evna til å halde på og trekke til seg nye innbyggjarar. Ein region er robust dersom det er eit godt samanfall mellom den regionale integrasjonen på bustad- og arbeidsmarknaden, serviceforsyning og andre identitetsdannande prosessar.

Kartlegginga er gjennomført i perioden desember 2007 – februar 2008 og baserer seg på offentleg statistikk, informasjon frå oppdragsgevar og intervju med sentrale bedriftsleiarar i området. Data frå bedriftsundersøkinga som vart gjennomført i samband med Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane november 2007 er også ein av kjeldene for analysen.

Hovudsiktemålet med rapporten er å synleggjere verdiskapingspotensialet som ligg i ein integrert arbeids-, bu- og serviceregion i aksene Florø – Svelgen – Måløy, og kva for føresetnader som må vere på plass for at ein skal utløyse dette potensialet. Størst vekt vert det lagt på tydinga av betre kommunikasjonar i nord/sør aksene langs kysten, med siktemål å redusere reietida mellom Måløy og Florø frå 2 ½ til 1 ½ time.

Kapittel 2 i rapporten gjev eit kort bilete av bakteppet for analysen. I kapittel 3 vert det gjeve ein analyse av dagens situasjon i regionen, sett i høve til nærings- og befolkningsstruktur. Kapittel 4 omhandlar det framtidige verdiskapingspotensialet i regionen, og kapittel 5 set søkelyset på sentrale faktorar som må på plass for å sikre at dette verdiskapingspotensialet vert realisert.

¹ Tor Selstad m.fl: ØF-rapport nr 07/2004: Regionenes tilstand – 50 indikatorer for vekstkraftige regioner.

2 SAMANDRAG

Flora-Bremanger-Vågsøy i dag: Ein sterk verdiskapingsregion

Kartlegginga i denne rapporten (kap. 3) syner at regionen samansett av dei tre kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy har eit vestkraftig og sterkt næringsliv med særleg styrke innanfor sentrale eksportretta næringar som fiskeri og havbruk, skipsbygging, kjemisk industri og bergverksindustri.

Regionen står for ein betydeleg del av den samla eksportverdien frå Sogn og Fjordane, som i 2006 utgjorde om lag 9,6 milliardar. Bedriftene i Flora, Bremanger og Vågsøy hadde ein samla omsetnad på 12,7 milliardar kroner i 2006. Det tilsvarar ei omsetning per innbyggjar på nærare 600.000 kroner, noko som er over landsgjennomsnittet.

Regionen opplever likevel ei reduksjon i folketalet i høve til unge vaksne og eit aukande rekrutteringsproblem som er større enn i fylket elles. Bedrifter i Flora, Bremanger og Vågsøy står åleine for *halvparten* av det innrapporterte arbeidskraftunderskotet i Sogn og Fjordane, sjølv om regionen berre har 20% av den registrerte sysselsettinga i fylket. Bedriftene i regionen har også svært høge forventingar til framtidig vekst i omsetnad og eksportverdi.

Framtida: Stort uforløyst verdiskapingspotensial

Analysen av framtidsmogelegheiter for verdiskaping i regionen (kap 4), syner at regionen har eit stort uforløyst verdiskapingspotensiale, både på grunn av naturlege fortrinn knytt til naturressursar og sterk industriell infrastruktur. Eit sterkt maritimt cluster, eit moderne smelteverk med lysande framtidsutsikter og eit av landets mest komplette marine cluster er sentrale dreiepunkt i høve til vidare utvikling. I tillegg blir det i analysen identifisert eit stort, uforløyst vekstpotensiale innanfor m a reiseliv, olje/energi og bergverksindustri.

Tal frå bedriftsundersøkinga for Hordaland og Sogn og Fjordane hausten 2007 syner at bedriftene i dei tre kommunane hadde sterk utvikling i omsetnad, eksportverdi og driftsmargin i 2007, og store forventingar om ytterligare vekst i 2008.

Hovudutfordringa: Mangel på folk hindrar verdiskaping

På trass av det store, mangfaldige verdiskapingspotensialet opplever regionen reduksjon i folketalet, særleg i talet på unge vaksne, samt aukande rekrutteringsproblem for bedriftene. Utan tilstrekkeleg tilgang på kompetent arbeidskraft vil industriell infrastruktur og sentrale naturressursar i for liten grad bli utnytta. Det vil vere uheldig ikkje berre for regionen sjølv, men for heile fylket og til sjuande sist også i eit nasjonalt perspektiv.

Analysen av nærings- og folketalsstruktur syner at regionen står overfor fleire sentrale utfordringar dersom det påviste verdiskapingspotensialet skal bli realisert:


- Avgrensa tilbod av arbeidsplassar for kvinner og for personar med høgare utdanning
- Relativt svakt utvikla tenesteytande sektor
- Avgrensa pendlingsomland på grunn av lang reisetid og dårleg vegstandard, og dermed små og isolerte arbeidsmarknadar.

- Innpendling utgjør berre 10 prosent av arbeidsstokken i Flora og Vågsøy, og berre 5 prosent i Bremanger. Til samanlikning har Førde ein innpendlingsgrad på nærare 36 prosent og Sogndal 25 prosent.


45-minuttsregionen

Utvikling av kritisk storleik, både i høve til arbeidsplassstilbod og tenestetilbod står sentralt for ein region si evne til å halde på og rekruttere nye innbyggjarar. Eit nødvendig svar på utfordringane denne analysen trekkjer fram er å sikre ei utviding av den faktiske bu - og arbeidsmarknadsregionen i Flora/Bremanger/Vågsøy. Det vil gjere kommunane meir robuste med sikte på å rekruttere og halde på sentral arbeidskraft, og redusere dagens sterke barrierer for pendling og jobbutveksling.

Forbetring av vegstandard og vegutbygging langs nord/sør-aksen i regionen er ein sentral føresetnad for å skape ein kystregion med kritisk storleik mellom Måløy og Florø. I kapittel 5 skisserer vi det vi har kalla 45-minuttsregionen: Ein framtidig samanhengande bu- og arbeidsmarknadsregion med ei samla på ca 1 ½ time frå Måløy til Florø via Svelgen, langs vegar med vegstandard som kan tåle tung trailertrafikk så vel som auka personbiltrafikk.



Bilde 1: Dagens situasjon



Bilde 2: 45-minuttars visjonen

Reisetid mellom utvalde stader i Sogn og Fjordane. Kjelde Asplan Viak 2008

45-minuttsregionen føreset at vegstandarden mellom Florø og Svelgen vert utbetra og reisetida redusert til 45 minutt. Vidare er det føresett at vegen mellom Svelgen og Måløy vert lagt om og korta ned i tråd med planane om fullføring av Bremangersambandet, og at fjorden kryssast med høgfrekvent fergjetilbod (halvtimesavgangar).

I dag er reisetida Florø-Måløy på ca 2 ½ time på vegar med til dels svært dårleg standard, og med ei lågfrekvent fergjekryssing.

Effektar av 45-minuttsregionen: Utvida arbeidsmarknad og auka verdiskaping

Modellen syner at tiltak for å redusere reisetida mellom Florø og Måløy kan føre til ei samla utviding av bu - og arbeidsmarknadsregionen i området på rundt 2.500 personar. Størst verknad av tiltaka vil ein få i Bremanger, der bu - og arbeidsmarknadsregionen vert auka

med heile 35 prosent. Men også for Vågsøy vil tiltaka ha stor tyding, med ein auke i bu - og arbeidsmarknadsregionen på nærare 9 prosent. For arbeidsgjevarane i regionen inneber dette ei viktig auke av rekrutteringsområdet, og for innbyggjarane inneber det ei vesentleg utviding av tilgjengelege arbeidsplassar innanfor akseptabel reisetid.

Den store positive gevinsten for Bremanger er særleg sentral for utløysinga av verdiskapingspotensialet i regionen. Både utvikling av aktiviteten ved Elkem og auka uttak og eksport av steinressursar er avhengig av auka tilgang på arbeidskraft.

Etablering av eit fabrikklegg for Silisiumproduksjon i Svelgen vil trenge 250 fleire arbeidstakarar i direkte produksjon. I tillegg kjem auke ringverknadseffektar knytt til lokale serviceleveransar til fabrikklegget (normalt tre ekstra arbeidsplassar i ringverknad pr industriarbeidsplass). Auka aktivitet i bergverksindustrien i regionen er også avhengig av tilgang på arbeidskraft.

Redusert pendlingstid inneber også at regionen sine innbyggjarar får tilgang på ein større og meir differensiert arbeidsmarknad, noko som er svært viktig sett i høve til å rekruttere og halde på både eksisterande og nye innbyggjarar i kommunen.

Utvikling av tettare band mellom dei tre kommunane vil vera sentralt også for kulturlivet og for ei styrking og utviding av service- og tenestemarknaden, gjennom auka kundegrunnlag for varer og tenester og moglegheit for lokal spesialisering.

Flyplasstilbodet er ein sentral del av tenestetilbodet i ein region. Florø lufthamn tilbyr allereie i dag god regularitet og eit relativt velutvikla rutenett, med korrespondanse mot eit internasjonalt rutenett via Gardermoen og Flesland. Ein tettare integrasjon av regionen vil føre til at Florø lufthamn vert naturleg hovudlufthamn også for Vågsøy og Selje. For næringslivet i regionen vil ei slik konsentrasjon av flytrafikken vere viktig, fordi det legg til rette for utvida rutetilbod, lågare prisar og auka konkurranse.

3 BAKTEPPET

Mange kystkommunar på Vestlandet er inne i ei positiv utvikling. Kyststamvegen er ein av fleire faktorar som har medverka til dette. I Sogn og Fjordane vart E39 lagt gjennom midtre og indre delar av fylket. Difor manglar framleis eit velfungerande nord/sør samband i kystregionen i dette fylket. Måløy og Florø blir satellittar i eit samferdslesystem der nord/sør trafikken ligg i midt fylket. Dette fører til at nord/sør-kontakten langs kysten blir unormalt liten. Vegane vert for dårlege, reiseavstanden for lang og det einiskilde senteret vert isolert og sårbart i kampen om å tiltrekke seg arbeidskraft og innbyggjarar.

Samstundes er verdiskapingspotensialet langs kysten stort. Sentrale naturressursførekomstar, sterke industrimiljø og regionale cluster innanfor både fiskeri og maritim sektor har stort utviklingspotensial. Baseverksemd for oljefelta i Nordsjøen, ilandføring av olje og gass, moglegheit for landbasert drift av oljeinstallasjonar og planer om utbygging av offshore vindkraft i stor skala er blant dei nyare tilskota til kystens verdiskapingspotensial. I tillegg kjem eit nær utnytta potensiale for reiselivsindustri i stor skala.

Meir en nokon gang er det kampen om dei menneskelege ressursane som avgjer om regionar evnar å utløyse verdiskapingspotensialet sitt. Robuste regionar krev ikkje berre eit velfungerande næringsliv, men stiller også krav til ei livskraftig folketalsutvikling. Auka krav til vare- og tenestetilbod, større krav til variasjon og breidde i arbeidsmarknaden – m.a som utslag av ei høgare utdanna arbeidsstyrke og to-karriere – hushald er blant faktorane som gjer at storleik og tyngde i ein bu - og arbeidsregion vert viktigare enn nokon gong tidlegare.


Kystkommunane mellom Bergen og Ålesund har gått saman om å krevje ei opprusting og etablering av eit samanhengande samband langs kystregionen, for å snu negative utviklingstrendar til positiv utvikling i kystsamfunna.

Dei tre kommunane Vågsøy, Bremanger og Flora er ein del av dette samarbeidet. Dei har alle store utfordringar knytt til eit nord/sør - samband langs kysten som er prega av smale og trafikkfarlege parsellar og lange omvegar. Dette fører til relativt isolerte og små bu-, arbeids- og servicemarknadar. Gjennom målretta utvikling av nord-sør sambandet er det realistisk å redusere reisetida mellom dei to kystbyane Florø og Måløy frå ca 2 ½ til ca 1 ½ time, og dermed utvikle regionen til ein felles bu -, arbeids- og servicemarknad mellom dei tre kommunane.

4 DAGENS SITUASJON


4.1 Sysselsetting og næringsstruktur

Når ein ser på sysselsettinga i dei tre kommunane i absolutte tal (sjå figur 2), finn ein at sysselsettinga i industri og bergverksdrift isolert sett er større enn sysselsettinga i helse og sosiale tenester. Den samla sysselsettinga i regionen er rundt 10.600 personar. Dette utgjer om lag 20 prosent av den samla sysselsettinga i Sogn og Fjordane. Yrkesdeltakinga målt i form av talet på sysselsette i prosent av samla folketal ligg på rundt 50 prosent.



Figur 1: Næringsstruktur i kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy i 2006. Kjelde SSB

Næringsstrukturen i dei aktuelle kystkommunane er prega av sterke regionale cluster, særprega og tradisjonsrike industrimiljø og høg verdiskaping. Dersom ein samanliknar næringsstrukturen i området med regional og nasjonal næringsstruktur, ser ein at regionen skil seg særleg ut med ein sterk industriell sektor. I høve til resten av Sogn og Fjordane skil regionen seg også ut i form av ein større del av sysselsettinga i forretningsmessig tenesteyting. Denne ligg likevel langt under landsgjennomsnittet, på same måten som delen tilsett i varehandel, hotell og restaurant.



Figur 2: Prosentivis del av sysselsetting i enkelt næringer. Tal frå SSB, 2006

Som for andre område med ein sterk industriell sektor, ligg ein under landsgjennomsnittet i høve til relativ del av sysselsettinga i offentleg sektor. Det er særleg innanfor offentleg administrasjon og helse- og sosialsektoren at sysselsettinga er låg. Målt i høve til folketalet er det 11,7 innbyggjarar per tilsett i helsesektoren, medan landsgjennomsnittet ligg på 9,8. I høve til tilsette i offentleg administrasjon er det 43,6 innbyggjarar per tilsett, medan det tilsvarande talet for landet er 30,5 innbyggjarar. Nivået er også lågare målt i høve til gjennomsnittet for Sogn og Fjordane.


4.1.1 Ein kjønnsdelt arbeidsmarknad

I eit utviklingsperspektiv er det sentralt at arbeidsmarknaden i en region tilbyr attraktive arbeidsplassar til både menn og kvinner. For landet sett under eitt er det særleg helse og omsorgssektoren og undervisning som er mest kvinnedominerte, medan personleg tenesteyting, offentleg administrasjon og varehandel sysselset om lag like mange kvinner som menn. Næringane med lågast kvinnedel er bygg og anlegg, industri og transportsektoren.

Arbeidsmarknaden i dei tre kystkommunane er prega av klåre skilnader mellom manns- og kvinnedominerte yrkesval. Nærare 92 prosent av dei sysselsette i industrien er menn, medan 82 prosent av dei sysselsette i helse- og sosialsektoren er kvinner. Også innanfor undervisning og varehandel, hotell og restaurant er kvinnedelen vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Ei stor overvekt av industriarbeidsplassar innanfor tradisjonelt mannsdominerte område som smelteverk, skipsverft og mekanisk industri er med å forklare dette. Nærare 43 prosent av arbeidsplassstilbodet ligg innanfor næringar med særleg "mannsappell"². Til samanlikning har Sogn og Fjordane 38 prosent av arbeidsplassane innanfor desse næringane, medan andelen på landsbasis er berre 30 prosent.

² Omfattar primærnæringane, industri, bygg og anlegg og transportsektoren.

4.2 Konkurranskraft og verdiskapingsevne



Figur 3: Sysselsetting fordelt på bransje og einssilde næringsområde i kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy. Kjelde SSB og Asplan Viak AS

Flora kommune med kommunesenteret Florø er det største senteret i regionen. Kommunen er prega av en variert næringsstruktur og har regionens tyngste miljø innanfor forretningsmessig tenesteyting. Det finnes fleire regionale funksjonar i kommunen, så som flyplass og sjukehus, og fungerer som ein av tre regionsenter i Sogn og Fjordane. Florø har

også eit velutvikla varehandelstilbod, men opplever sterk konkurranse frå Førde kva gjeld regionalt prega handel. Baseverksemda på Botnaneset og Aker Yards er dominerande næringsaktørar, men det er også ei betydeleg fiskeribasert verksemd i kommunen, både i form av foredling og utskipping av fisk. Kommunen er klart sentralisert, med store delar av busetjinga konsentrert i og rundt kommunesenteret Florø


Bremanger kommune er næringsmessig dominert av verksemda til Elkem i Svelgen. Både gjennom direkte sysselsetting og i form av ringverknader er denne verksemda den viktigaste næringsaktøren i kommunen. Men Bremanger har også eit betydeleg verdiskapingspotensial knytt til geologi. Dei siste åra er det utvikla ein sterk eksportindustri basert på puk og stein. I ytre delar av kommunen er det fiskeindustrien som dominerar, i tillegg til jordbruksverksemd. Kommunen er prega av spreidd busetnad og mange mindre bygdelag.

Vågsøy kommune er næringsmessig prega og eit velutvikla cluster innanfor fiskeri og marin verksemd. Måløy er landets nest største fiskehamn, både målt i verdi og i volum, og huser konsernkontor for ei rekke internasjonalt baserte fiskeriverksemd. Måløy har også eit omfattande maritimt cluster, og er mellom anna i ferd med å utvikle eit sterkt miljø innanfor skipsdesign. Busetnaden er konsentrert rundt Måløy og Raudeberg.

Kommunane har ein svakt utbygd infrastruktur for reiseliv, med få hotell og restaurantar, og også relativt få utleigehytter samanlikna med andre regionar i Sogn og Fjordane.

4.2.1 Omsetning og driftsresultat

Ei oversikt over omsetning og driftsresultat syner tydeleg den sterke posisjonen som fiskeri og fiskeforedlingsindustrien har i området. Driftsresultatmessig er det likevel øvrig industri som står sterkast. Delar av verftsindustrien har gått gjennom ein tung periode, og slit endå med raude tal, mens andre aktørar kan vise til sterke tal både på omsetnadssida og i høve til resultat.



Figur 4: Omsetning og driftsresultat for verksemdar i kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy i 2006. Tal i 1000 kroner. Kjelde RavnInfo/Brønnøysundregisteret.

Basert på regnskapstal frå Brønnøysundregisteret³, hadde regnskapspliktige føretak i privat sektor i regionen ei samla omsetnad på 12,7 milliardar kroner i 2006. Dette tilsvarar ei omsetning per innbyggjar på nærare 600.000 kroner. Til samanlikning utgjer tilsvarande tal på landsbasis ei omsetning per innbyggjar på om lag 570.000 kroner.⁴

Av dette er om lag 1 milliard knytt til skipsbygging, 3 milliardar knytt til engroshandel med fisk, 1,7 milliardar til foredling av fisk, 700 millionar til Elkem si verksemd i Svelgen og 77 millionar til bergverksindustri. Samla driftsresultat for desse verksemdene var om lag 654 millionar kroner i 2006. Dette utgjer om lag 31.000 kroner per innbyggjar. Størsteparten av aktiviteten i desse næringane er eksportretta, og utgjer dermed ein betydeleg del av den samla eksportverdien frå Sogn og Fjordane, som i 2006 utgjorde om lag 9,6 milliardar. Oppsummert kan ein konkludere med at det er ei høg verdiskaping i denne regionen, særleg knytt til sentrale eksportnæringar som fiskeri, bergverk og industri.

Bedriftsundersøkinga som vart gjennomført i samband med Næringsbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane i november 2007, omfattar 74 verksemdar i det aktuelle området. Desse verksemdene hadde ei auke i sysselsetjinga frå 2006 til 2007 tilsvarande 3,4 prosent, og forventar ei ytterlegare auke i sysselsetjinga for 2008 på nærare 4 prosent.

Dei fleste verksemdene rapporterar om tilfredsstillande eller god marknadssituasjon i 2007, og forventningane til ytterlegare styrking av marknadssituasjonen i 2008 er stor. Om lag heile utvalet forventar uendra eller styrka marknadssituasjon i 2008. Tre av fire bedrifter rapporterer om auka omsetnad i 2007, og 68 prosent forventar ytterlegare styrking i 2008. Utviklinga på eksportmarknaden er også sterk. 44 prosent har hatt ei auke i eksportverdien i 2007 og forventningane til 2008 er stabilisering eller auke i høve til inneverande år.

Halvparten av verksemdene hadde ein driftsmargin på 6 prosent eller meir i 2006, og halvparten av desse igjen hadde ein driftsmargin på over 15 prosent. 88 prosent av verksemdene ventar uendra eller betra lønsemd for 2008.

4.2.2 Aukande rekrutteringsproblem


Verksemdene rapporterar om eit aukande rekrutteringsproblem, og meiner at dei hadde hatt nærare 300 fleire tilsette dersom dei ikkje hadde hatt problem med rekrutteringa. Dette tilsvarar nærare 8 prosent av samla sysselsetting i desse verksemdene. Samanlikna med resten av Sogn og Fjordane, viser tala at næringslivet i dei aktuelle kommunane slit med større rekrutteringsproblem enn resten av fylket. Heile 46 prosent av bedriftene langs kysten rapporterer om ubesette stillingar som konsekvens av rekrutteringsproblem, mot 38 prosent for Sogn og Fjordane sett under eitt.

Samla rapporterte bedriftene som svarte på bedriftsundersøkinga i Sogn og Fjordane at dei ville hatt 600 fleire tilsette dersom dei ikkje hadde rekrutteringsproblem. Sjølv om bedrifter frå Flora, Bremanger og Vågsøy berre representerer 20 prosent av verksemdene i undersøkinga, står dei altså for halvparten av det innrapporterte arbeidskraftunderskotet.

³ Omfattar alle aksjeselskap og ASA, ansvarlige selskap og foreiningar med meir enn fem millionar i salsinntekt, eller fleire enn fem tilsette, enkeltmannsføretak som har meir enn 20 tilsette eller har eigendelar med meir enn 20 millionar i samla verdi og føretak som er underlagt tilsyn av Kredittilsynet.

⁴Gjeld tal for Fastlands-Noreg. Kjelde; rekneskapsstatistikk frå SSB.

Det er særleg innanfor industri, transport og kommunikasjon og forretningsmessig tenesteyting at regionen skil seg negativt ut. Heile 80 prosent av innrapporterte ubesette stillingar innanfor forretningsmessig tenesteyting i Sogn og Fjordane kjem frå verksemdar i denne regionen. I tabellen under kjem det fram korleis rekrutteringsutfordringane fordeler seg bransjevis.



Figur 5: Oversikt over talet på arbeidsplassar som står ubesett som følgje av problem med rekruttering. Kjelde; Bedriftsundersøkinga til Konjunkturbarometeret for Hordaland og Sogn og Fjordane, nov. 07.


Samstundes er det interessant å sjå at verksemdene innanfor varehandel og fiskeri, havbruk og fiskeindustri har ein tilsvarende låg del av det samla arbeidskraftunderskotet, samanlikna med regionen sin del av samla sysselsetjing i utvalet.

Det er tydeleg å sjå at verksemdar i regionen slit med eit betydeleg rekrutteringsproblem, og at dette på sikt vil føre til at verdiskapingspotensialet i regionen ikkje i fullt mon vert realisert.

Faggruppene som er mest etterspurde er fagarbeidarar og ingeniørar. Her skil ikkje bedrifter i regionen seg monaleg ut frå tilsvarende fylkestal.

4.3 Befolkningsstruktur og livskraft

Det bur omlag 21.300 personar i dei tre kommunane, tilsvarende 20 prosent av innbygarane i Sogn og Fjordane. Godt og vel 11.000 av desse bur i Flora kommune.




Figur 6: Folketalskonsentrasjon i regionen. Kjelde SSB 2007 og Asplan Viak AS

Folketyngda er i hovudsak konsentrert om dei tre kommunesentra Florø, Svelgen og Måløy, men særleg for Bremanger sin del ser ein at busetnaden er spreidd rundt på ei rekke delsentra i kommunen.

4.3.1 Folketalsutvikling


Folketalsutviklinga fordelt på aldersgrupper syner ein svak nedgang i det samla innbyggjartalet, samt ein nedgang i aldersgruppa 20-39 år. Regionen "blør" unge vaksne, og med dei er det også nedgang i dei aller yngste aldersgruppene.



Figur 7: Innbyggjarar i regionen fordelt på aldersgrupper, i perioden 2000 - 2007. Kjelde SSB 2007

Folketalsutviklinga i regionen er langt svakare enn landsgjennomsnittet, og også svakare enn resten av Sogn og Fjordane. I løpet av perioden 2000 – 2007 er folketallet i Sogn og Fjordane gått ned med ein prosent, medan den aktuelle regionen har hatt ein nedgang på to prosent. I same periode har det samla folketallet i landet auka med fem prosent. Oversikt over utviklinga i folketallet for regionen, fylket og landet er samla i eige vedlegg til rapporten.


Aldersgruppa 20 – 39 år er særleg interessant i høve til å vurdere ein regions livskraft. Her har regionen tidlegare vore betre stilt enn resten av Sogn og Fjordane, og var i 2000 omtrent på høgde med landsgjennomsnittet med ein andel på 28 prosent. I perioden fram mellom 2003 og 2007 har regionen hatt ein markert nedgang, og har nå berre 23 prosent av det samla innbyggjartalet i denne aldersgruppa.



Figur 8: Del av totalbefolkninga i aldersgruppa 20 - 39 år. Kjelde SSB

Utdanningsnivået i dei tre kommunane syner at ei relativt liten del av den samla arbeidsstyrken har utdanning på universitets- og høgskulenivå. Dette må sjåast i samanheng

med at næringer som tradisjonelt har mange sysselsette med høgare utdanning så som forretningsmessig tenesteyting og offentlig administrasjon, er relativt lite utvikla i regionen. Ungdom som reiser ut for å ta høgare utdanning risikerer fort å utdanne seg bort frå heimstaden sin.



Figur 9: Arbeidsstyrken fordelt etter høgaste utdanningsnivå. Kjelde SSB

4.3.2 Pendlingsaktivitet

Ein oversikt over pendling mellom eit utval kommunar i Sogn og Fjordane tyder på at dei aktuelle kommunane har ein relativt isolert arbeidsmarknad. Innpendling utgjer berre 10 prosent av arbeidsstokken i Flora og Vågsøy, og berre 5 prosent i Bremanger. Til samanlikning har Førde ein innpendlingsgrad på nærare 36 prosent og Sogndal 25 prosent. Stor reisemotstand knytt til lange avstandar, smale og tungt framkommelege vegar og fjordkryssing med ferje er ein viktig forklaringar til dette.

	Sysselsatte personer bustett i kommunen	Personar som pendlar inn i kommunen	Personar som pendlar ut av kommunen	Netto pendling	Sysselsatte personer med arbeidsstad i kommunen	Innpendling i prosent av arbeidsstokk	Utpending i prosent av sysselsette
Flora	5114	492	473	19	5133	9,6	9,2
Bremanger	1663	76	236	-160	1503	5,1	14,2
Vågsøy	2668	281	204	77	2745	10,2	7,6
Sogndal	3454	895	708	187	3641	24,6	20,5
Førde	5910	2984	561	2423	8333	35,8	9,5
Naustdal	1281	115	767	-652	629	18,3	59,9
Selje	1274	44	228	-184	1090	4,0	17,9
Eid	2719	401	398	3	2722	14,7	14,6

Tabell 1: Pendlingsmatrise for eit utval av kommunar i Sogn og Fjordane. Kjelde SSB, 4.kvartal 2006.

Størst pendling målt i tal på personar finn ein i aksene mellom Florø og Førde, som er prega av etter måten høg vegstandard og overkommeleg reiseavstand. Pendlingsstatistikk frå SSB for 4.kvartal 2006 syner at 126 personar busett i Førde hadde arbeidsplassen sin i Flora, medan 334 personar busette i Flora hadde arbeidsplassen sin i Førde. Det går også ein

relativt tydeleg pendlingsstraum mellom Bremanger og Flora; rundt 100 personar busett i Bremanger arbeider i Flora. Det er relativt færre som pendlar den andre vegen; berre 22 personar busett i Flora arbeider i Bremanger.

Det er også ein del pendling i aksane Vågsøy - Eid og Vågsøy - Selje. Av dei som arbeider i Vågsøy kjem 127 frå Selje og 80 frå Eid. Samstundes pendlar 93 Vågsøybuar til Eid og 36 til Selje. Det er også 26 Vågsøybuar som er registrert med arbeidsstad Flora og 16 som arbeider i Førde.

Frå Bremanger går pendlingsstraumane først og fremst sørover; Flora og Førde er dei største målpunkta, med ei utpensling på hhv 106 og 44 personar. Det er også 39 personar busette i Bremanger som arbeider i Vågsøy og 26 personar som arbeider i Eid. Ei samla oppstilling over pendlingsaktivitet mellom kommunar i Sogn og Fjordane ligg som vedlegg til rapporten.

4.4 Sentrale utfordringar knytt til næringsstruktur og befolkningsstruktur

Kartlegging syner at regionen har eit vestkraftig og sterkt næringsliv, med særleg styrke innanfor sentrale eksportretta næringar som fiskeri og havbruk, skipsbygging, kjemisk industri og bergverksindustri. Regionen står for ein stor del av den samla eksportverdien frå Sogn og Fjordane, særleg knytt til eksport av fisk. Nærare analyse av næringsstruktur og befolkningsstruktur syner likevel at regionen står overfor fleire sentrale utfordringar:

- Avgrensa tilbod av arbeidsplassar for kvinner og for personar med høgare utdanning
- Relativt svakt utvikla tenesteytande sektor
- Avgrensa pendlingsomland på grunn av lang reisetid og dårleg vegstandard, og dermed små og isolerte arbeidsmarknader

Regionen opplever reduksjon i folketalet i høve til unge vaksne og eit aukande rekrutteringsproblem for næringslivet. Dersom regionen skal makte å vidareføre og auke verdiskapingspotensialet sitt, er det viktig at desse trendane vert snudd. Ei sentral utfordring i dette er å sikre ei utviding av den faktiske bu - og arbeidsmarknadsregionen, for å gjere kommunane meir robuste med sikte på å rekruttere og halde på sentral arbeidskraft. Forbetring av vegstandard og vegutbygging er ein sentral føresetnad for å redusere pendlarmotstanden og utvide bu – og arbeidsmarknadsregionen i naudsynt omfang.

5 FRAMTIDSMOGLEGHEITER

Regionen er prega av høg aktivitet og mange moglegheiter. Eit sterkt maritimt cluster, eit moderne smelteverk med lysande framtidsutsikter og eit av landets sterkaste marine cluster er grunnsteinane i regionen, og sentrale dreiepunkt i høve til vidare utvikling. Hovudtyngda av regionen si verdiskaping er i dag knytt til produksjon av varer, i mindre grad til tenester. Sterke naturlege føresetnader knytt til naturressursar og sterk industriell infrastruktur gjev stort utviklingspotensial også vidare innanfor desse næringane. Regionen har også eit utviklingspotensial knytt til auka verdiskaping innanfor tenesteytande sektorar, spesielt knytt

til maritim industri, baseverksemda retta mot offshoreverksemda, bergverksindustri og kraftintensiv industri.

Nedanfor vert det peika på moglegheiter for ytterlegare styrking av verdiskapinga , knytt til sentrale eksisterande og potensielt nye næringar i regionen.

5.1.1 Maritim industri

Regionen har eit sterkt miljø knytt til skipsverft, med Aker Yard på Florø som ein sentral aktør. Aktiviteten på verftet er høg, og ordrebøkene er fulle til ut 2009. På Måløy er det eit blomstrande miljø særleg knytt til utvikling, bygging og ombygging/vedlikehald av skip. Her er miljøet prega av fleire mellomstore/mindre aktørar, og det har den seinare tida vore ei utvikling i retning av fleire verksemdar som spesialiserer seg på tenesteproduksjon, mellom anna innanfor skipsdesign og maritim teknisk know how.

Utviklingsmoglegheitene ligg langs fleire aksar;

- Utvikling frå rein skipsbygging til meir tenesteproduksjon. Sal av tenester innanfor skipsdesign og anna teknisk spisskompetanse
- Betjening av fleire nisjer innanfor marknaden for flytande konstruksjonar – mellom anna offshore vindmøller
- Større integrasjon og samarbeid med andre verftsmiljø langs kysten

5.1.2 Marin sektor – frå fiske og fiskeoppdrett til foredlingsindustri

Måløy er landets nest største fiskerihamn, både målt i omsetnad og volum, og store industri- og handelskonsern både innanfor kvitfisk- og raudfisksegmentet er tungt forankra i regionen. Her finst eit av landets mest komplette næringsmiljø, som spenner frå fiskebåt til eksportkontor. Fiskefordelingsindustrien står sterkt i regionen, men har vore gjennom ein periode med strukturrasjonalisering og endring. Stor variasjon i råstofftilgangen og utfordringar knytt til sesongsvingingar gjev små marginar i den delen av foredlingsindustrien som rettar seg mot foredling av kvitfisk. Truleg vil oppdrett av kvitfisk føre til at denne utfordringa vert borte.

Nye forbrukstrendar og utvikling av nye oppdrettsartar gjev mange potensielle moglegheiter for regionens marine sektor;

- Auka etterspurnad etter ferskvarer og ”kortreist” mat gjev større rom for auka vidareforedling av produkt retta mot lokale og regionale marknader, samt for knoppskyting ut mot reiselivet
- Oppdrett av kvitfisk sikrar stabil tilgang av råvarer og dermed betre kapasitetsutnytting i foredlingsanlegga
- Biprodukt frå pelagisk fiskeindustri, slakteri og foredlingsverksemdar kan opne for ny verdiskaping
- Regionen er blant pionerane innanfor torskeoppdrett, og har ei stort potensial for auka verdiskaping knytt til både oppdrett og sal av teknologi og kunnskap
- Stabil tilgang til oppvarma prosessvatn frå Elkem sitt anlegg i Svelgen gjev potensial for oppdrett av varmekrevande artar.

- Sterke næringsaktører med stor grad av regional forankring sikrar god tilgang til utviklingskapital og marknadskunnskap

5.1.3 Kraftintensiv industri

Svelgen er vertskap for ei sentral avdeling av Elkem. Silicium frå dette anlegget inngår som sentral råvare ved produksjon av elektronisk utstyr, og Elkem Bremanger leverer i dag 50 prosent av dette forbruket på verdsbasis. Elkem Bremanger har også eit utviklingslaboratorium for fullskala uttesting av nye produksjonsprosessar, og står mellom anna bak utviklinga av ny teknologi for tilverking av Silisium spesielt tilpassa for solcellepanel. Miljøet i og rundt Elkem Svelgen har vist stor innovasjonskraft, og har sett forskning og produktutvikling høgt på dagsorden, mellom anna gjennom etablering av ein eigen forskningsavdeling ved NTNU i Trondheim.

Elkem har store planer for utbygging av fabrikanlegg spesielt tilpassa produksjon av silicium til solcellepanel. Elkem Bremanger vil vera ein svært naturleg kandidat for etablering av eit slikt anlegg. Dette vil innebera ei investering på rundt 3,5 milliardar kroner og ein sysselsetjingseffekt på om lag 200 sysselsette ved normal drift. Ringverknadseffektane i form av sysselsetjing og verdiskaping av ei slik investering er normalt i tilhøvet 1:3.

5.1.4 Olje og energi;

Fjord Base AS vart etablert som eit ledd i konsesjonsavtalen knytt til utbygging av Gjøa-feltet. Utbygging av Gjøa-feltet vil føre til auka baseaktivitet både i utbyggings- og driftsfasen. Geografisk er regionen sentralt lokalisert både i høve til ev. fjerndrift av feltet og i høve til ilandføring av olje og gass. Elles er dei største moglegheitene knytt til forskyving av tyngepunktet for offshoreverksemda, etter kvart som større delar av produksjonen skjer på felt lenger nord i Nordsjøen.

Vekst i baseaktiviteten vil gje synergieffektar for leverandørindustri som både leverer offshore og til anna industri i området, og det kan ligge kime til utvikling både av ny industri og ny tenesteproduksjon i dette grenselandet.

Regionen har også gode føresetnader for vindbasert produksjon av elektrisk kraft. Kyststrekninga rundt Stadt reknast for å være blant landets mest eigna for vindkraft, med stabilt sterk vind. Regionen bør vera blant pionerane i utvilninga av offshore vindkraft, både i høve til teknologi og produksjon av materiell. Eit sentralt stikkord her vil være produksjon av varer og tenester tilknytt eventuell utbygging av offshore vindkraft.

5.1.5 Bergverksindustri

Delar av regionen er dominert av verdfulle geologiske førekomstar og har ein blomstrandende bergverksindustri. Det er store moglegheiter knytt til vidare utvikling av denne eksportnæringa, og fleire uttaksområde er allereie ferdig regulert og klar til å settast i drift. Europeisk etterspurnad etter puk og stein er stor og stabil, og framtidsutsiktene må reknast som gode i denne næringa.

5.1.6 Reiseliv


Regionen har i dag ein relativ svakt utbygd infrastruktur for reiseliv, både sett i høve til hotell/restaurant og utleiehytter. Naturmessig og opplevingsmessig har regionen likevel mykje å by på, frå lun skjergard til opne havstrek, og det ligg eit klart potensial i auka turisttrafikk. Kystturisme er peika ut som ei av fire hovudsatsingar i den nye nasjonale reiselivsstrategien, og regionen ligg nær dei store turiststraumane som allereie eksisterar knytt til fjordane på Nordvestlandet. Det kan opne seg store moglegheiter for verdiskaping i reiselivet dersom ein får losa meir av den internasjonale fjordtrafikken innom regionen.

6 EFFEK TAR AV REDUSERT REISETID I REGIONEN


Som det kjem fram av det føregåande kapitlet, er det store moglegheiter knytt til framtidig vekst og utvikling i næringslivet i regionen. For å realisere dette verdiskapingspotensialet er det mange faktorar som spelar inn, men blant dei mest grunnleggjande faktorane er regionens evne til å snu ei negativ folketalsutvikling i positiv retning, og dermed syte for naudsynt arbeidskraft og kompetanse til å realisere dette potensialet. Utan tilstrekkeleg tilgang på kompetent arbeidskraft vil industriell infrastruktur og sentrale naturressursar i for liten grad bli utnytta, noko som vil vera uheldig ikkje berre for regionen men for heile nasjonen.

6.1 Visjonen om 45-minuttsregionen

Som det går fram av denne rapporten, vil ei utviding mot ein tettare integrert bu-, arbeids- og serviceregion vera viktig for å realisere eit stor framtidig verdiskapingspotensial i denne regionen. Infrastrukturtiltak som fører til redusert reisemotstand og kortare reisetid mellom dei ulike sentra vil vera blant dei sentrale virkemidla for å realisere dette. Målet er å komme ned mot ei samla reisetid på ca ein og ein halv time frå Måløy til Florø, langs vegar med vegstandard som kan tåle tung trailertrafikk så vel som auka personbiltrafikk.



Bilde 1: Dagens situasjon




Bilde 2: 45-minuttars visjonen

Figur 10: Reisetid mellom utvalde stader i Sogn og Fjordane. Kjelde Asplan Viak 2008

Dagens reiseavstandar er vist i bilde 1 i figur 10. Som ein kan sjå av figuren er reisetida mellom Måløy og Florø nærare to og ein halv time, nærare ein time mellom Svelgen og Florø og om lag ein og ein halv time mellom Svelgen og Måløy.

Bilde 2 gjev ei skisse av visjonen om 45-minuttars regionen. Her er det føresett at vegstandarden mellom Florø og Svelgen vert utbetra og reisetida redusert til 45 minuttar. Vidare er det føresett at vegen mellom Svelgen og Måløy vert lagt om og korta ned i tråd med planane om fullføring av Bremangersambandet, og at fjorden kryssast med høgfrekvent fergjetilbod (halvtimesavgangar).

For å synleggjere effektane av redusert reisetid målt i form av auke i arbeidsmarknadsregion, har vi laga ein modell som syner tilhøvet mellom viljen til pendling og reiseavstand målt i minuttar, basert på dagens faktiske pendling mellom kommunane Florø, Førde, Naustdal, Bremanger, Vågsøy, Selje og Eid. Samanhangen i modellen er vist skjematisk i figur 12. Figuren viser at viljen til å pendle er nede på 20 prosent av samla folketal for reiser som overstig 20 minuttar, og om lag 5 prosent for reiser som overstig 50 minuttar.



Figur 11. Samanhang mellom reisetid og pendlingsvilje basert på pendlingsmønster i 6 kommunar i Sogn og Fjordane. Kommunesentra er lagt til grunn som start- og slutt punkt for måling av reisetid. Asplan Viak AS

Basert på denne modellen har vi berekna storleiken på den ein skilde kommunen sitt arbeidsmarknadsomland, målt både i høve til dagens samferdslestruktur og potensielt arbeidsmarknadsomland dersom reisetida mellom Måløy og Florø vert redusert til ein og ein halv time. Resultatet er vist i tabell 2.

	Bremanger	Flora	Vågsøy
Dagens arbeidsmarknadsregion	5200	12700	6900
Potensiell arbeidsmarknadsregion	7050	12800	7500
Auke i arbeidsmarknadsregion	1850	100	600
Auke i prosent	35,6	0,8	8,7

Tabell 2: Bereknna auke i arbeidsmarknadsregionarn, basert på modell for pendlingsvilje.

Modellen syner at tiltak for å redusere reisetida mellom Florø og Måløy kan føre til ei samla utviding av bu - og arbeidsmarknadsregionen i området på rundt 2.500 personar. Størst verknad av tiltaka vil ein få i Bremanger, der bu - og arbeidsmarknadsregionen vert auka med heile 35 prosent. Men også for Vågsøy vil tiltaka ha stor tyding, med ein auke i bu - og arbeidsmarknadsregionen på nærare 9 prosent. For arbeidsgjevarane i regionen inneber dette ei viktig auke av rekrutteringsomlandet, og for innbyggjarane inneber det ei vesentleg utviding av tilgjengelege arbeidsplassar innanfor akseptabel reisetid.

Den store positive gevinsten for Bremanger er særleg sentral for utløyisinga av verdiskapingspotensialet i regionen. Både utvikling av aktiviteten ved Elkem og auka uttak og eksport av steinressursar er avhengig av auka tilgang på arbeidskraft.

Etablering av eit fabrikklegg for Silisiumproduksjon i Svelgen vil trenge 250 fleire arbeidstakarar i direkte produksjon. I tillegg kjem auke ringverknadseffektar knytt til lokale serviceleveransar til fabrikklegget. Normalt vert det rekna at ein industriarbeidsplass gjev tre nye arbeidsplassar i ringverknadseffektar. Investeringar i nytt fabrikklegg er kalkulert til 3,5 milliardar kroner.

Auka aktivitet i steinindustrien i Bremanger og Flora er også avhengig av tilgang på arbeidskraft. To nye anlegg kan gje ein samla årsproduksjon på 5 mill. tonn (inkl. eksisterande anlegg). Målt i dagens prisar (10 euro pr. tonn), utgjer dette ei potensiell marknadsverdi på 500 millionar kroner. Det vil vera trong for 50 nye arbeidstakarar for å realisere denne produksjonen, og også desse arbeidsplassane vil ha klare ringverknadseffektar.

Redusert pendlingstid inneber også at regionen sine innbyggjarar får tilgang på ein større og meir differensiert arbeidsmarknad, noko som er svært viktig sett i høve til å rekruttere og halde på både eksisterande og nye innbyggjarar i kommunen.

6.2 Andre effektar av reduserte reisetider

6.2.1 Styrka rekruttering

Utvikling av kritisk storleik, både i høve til arbeidsplassstilbod og tenestetilbod vil stå sentralt for regionens evne til å halde på og rekruttere nye innbyggjarar. Som regel er avgjerda om tilflytting og etablering knytt til at det er to parter i kvar familie som skal ha relevant og interessant arbeid i området. Det er også stadig færre som har eit livslangt perspektiv på sysselsetjingstilhøvet sitt, og særleg yngre arbeidstakarar vil vera opptekne av moglegheiten for alternativ sysselsetjing innanfor ein akseptabel reiseavstand. Begge desse tilhøva gjer seg særleg gjeldane i høve til personar med høgare utdanning. Ein større arbeidsmarknadsregion i form av redusert reisemotstand mellom dei einskilde sentra i regionen gjev større utval av arbeidsplassar innanfor ein relevant pendlingsavstand og dermed større sjans for å rekruttere naudsynt arbeidskraft.

6.2.2 Ein tettare integrert servicemarknad

Styrking av det samla service-, teneste- og opplevingsbaserte tilbodet i regionen er også ein viktig føresetnad for å utvikle ein robust region med positiv folketalsutvikling og tiltrekningskraft. I dette ligg tilgong til eit godt helse- og skuletilbod, eit tilfredsstillande tilbod innanfor detaljvarehandel og personleg tenesteyting og eit variert kulturtilbod. Utvikling av tettare band mellom dei tre kommunane vil vera sentralt også for ei styrking og utviding av service- og tenestemarknaden, gjennom auka kundegrunnlag for varer og tenester og moglegheit for lokal spesialisering.

Flyplasstilbodet er ein sentral del av tenestetilbodet i ein region. Florø lufthamn tilbyr allereie i dag god regularitet og eit relativt velutvikla rutenett, med korrespondanse mot eit internasjonalt rutenett via Gardermoen og Flesland. Ein tettare integrasjon av regionen vil føre til at Florø lufthamn vert naturleg hovudlufthamn også for Vågsøy og Selje. For næringslivet i regionen vil ei slik konsentrasjon av flytrafikken vera viktig, fordi det legg til rette for utvida rutetilbod, lågare prisar og auka konkurranse mellom flyselskap.

6.2.3 Transportgevinst for næringslivet

I dagens situasjon er sentra i regionen å rekne som satellittar i høve til hovudvegstrukturane i Sogn og Fjordane. Dette gjev regionen ei absolutt transportmessig ulempe, både i høve til auka leveransetid og høgare kostnader. All transportrutetilbod går langs aust-vest aksene, noko som også avgrensar naturleg samhandling mellom næringsaktørane langs nord-sør aksene. I dag vert det meste av varer som skal inn i regionen lasta om i Førde, og det reknast ein meirkostnad på 170 kroner pr. mil for vidare transport til Florø, Svelgen og Måløy. Betra vegstandard kan opne for rundrutetilbod i høve til godstransport, noko som vil vera sentralt både i høve til tid og totale transportkostnader.

6.2.4 Kultur og fritid

Det er eit blomstrande og variert kulturliv i alle dei tre aktuelle kommunane, med sterke fellestrekk på grunn av felles kystkultur og opplevingstilbod basert på hav og kystnatur. Også på kultursida er lange reiseavstandar og dårlege kommunikasjonar internt i regionen eit hinder for tettare samarbeid og større breidde i tilbodet. Bättre vegstandard og kortare reisetid vil på sikt også kunne gje sterkare kulturelt samarbeid i regionen, og ei styrking av kultur- og opplevingstilbodet i dei tre kommunane.

Tabellvedlegg

Oversikt over folketalsutviklinga i perioden 2000 – 2007 for regionen Flora –Bremanger – Vågsøy, Sogn og Fjordane fylke og landet

Tabell 1: Flora – Bremanger - Vågsøy

	2000	2003	2007	Endring 2000 - 2007	Prosentvis endring
	Personer	Personer	Personer	Personer	
0-9 år	3191	3126	2801	-390	-12 %
10-19 år	2892	2971	3109	217	8 %
20-29 år	3029	2666	2318	-711	-23 %
30-39 år	3058	3044	2683	-375	-12 %
40-49 år	2974	3059	2999	25	1 %
50-59 år	2354	2582	2795	441	19 %
60-69 år	1806	1761	1947	141	8 %
70-79 år	1603	1563	1526	-77	-5 %
80-89 år	825	917	988	163	20 %
90 år og eldre	143	129	169	26	18 %
Totalt	21875	21818	21335	-540	-2 %

Tabell 2: Sogn og Fjordane:

	2000	2003	2007	Endring 2000 - 2007	Prosentvis endring
Aldersgrupper	Personer	Personer	Personer	Personer	
0-9 år	15322	14706	13615	-1707	-11 %
10-19 år	14718	15105	15655	937	6 %
20-29 år	13977	12872	11932	-2045	-15 %
30-39 år	14616	14390	13033	-1583	-11 %
40-49 år	14472	14688	14563	91	1 %
50-59 år	12112	13312	13971	1859	15 %
60-69 år	8595	8675	10033	1438	17 %
70-79 år	8090	7648	7278	-812	-10 %
80-89 år	4761	4929	5059	298	6 %
90 år og eldre	926	949	1055	129	14 %
Totalt	107589	107274	106194	-1395	-1 %

Tabell 3: Landet

	2000	2003	2007	Endring 2000 - 2007	Prosentvis endring
	Personer	Personer	Personer	Personer	
0-9 år	611211	601119	591979	-19232	-3 %
10-19 år	548896	581289	622222	73326	13 %
20-39 år	1290608	1277034	1254147	-36461	-3 %
40-49 år	622120	634556	662868	40748	7 %
50-59 år	540440	585481	602261	61821	11 %
60-69 år	351018	361907	442893	91875	26 %
70-79 år	324182	305803	286602	-37580	-12 %
80-89 år	164901	177424	186299	21398	13 %
90 år og eldre	25121	27639	31863	6742	27 %
Totalt	4478497	4552252	4681134	202637	5 %

Tabell 4: Pendlingsmatrise per 4. Kvartal 2006, for eit utval av kommunar i Sogn og Fjordane

	Sysseisatte personer		Førde	Naustdal	Bremanger	Vågsøy	Selje	Eid	Sum arbeids plasser
	Flora	Sogndal							
Flora	4641	24	126	48	106	16	9	12	5133
Sogndal	9	2746	33	3	0	3	2	5	3641
Førde	334	81	5349	666	44	26	10	55	8333
Naustdal	24	0	73	514	1	0	0	0	629
Bremanger	22	1	7	3	1427	13	1	17	1503
Vågsøy	4	0	4	0	39	2464	127	80	2745
Selje	2	0	0	1	1	36	1046	3	1090
Eid	11	4	21	5	26	93	39	2321	2722
Sum arbeidstakere	5114	3454	5910	1281	1663	2668	1274	2719	